

---

**Fra:** Olaug Karin Øystese [FV-iPad]  
**Sendt:** 1. februar 2018 16:16  
**Til:** !Alle i FO (iPad); Jan Erik Boge; Charlotte Hageberg  
**Emne:** Fwd: «Utvalet sitt kvarter» i formannskapet 01.02.2018.

Sendt fra min iPad

Videresendt melding:

**Fra:** <Olaug.Karin.Oystese@folkevald.samnanger.no>  
**Dato:** 1. februar 2018 kl. 13:05:22 CET  
**Til:** Olaug Karin Øystese <olaug.oystese@yahoo.no>  
**Emne:** «Utvalet sitt kvarter» i formannskapet 01.02.2018.

Saka eg vil ta opp er ang. vassleveranse til Jan Ove Haga sin bolig på g.nr 27/b.nr 123 på Tysse.

Som ordføreren er kjent med, får me som folkevalde tilsendt store mengder e-postar ang. saka. Slik sett har me ei viss oversikt.

Det ein då registrerar er kommunen sine stadig manglande svar på desse henvendelsane. Fleire gongar har fylkesmannen sine folk påpeika kva plikter som ligg på Samnanger kommune, utan at «nokon» ser ut til å ta dette på alvor.

I kommunestyret 20.09.2017 tok eg òg opp denne saka under «utvalet sitt kvarter». Eg hadde då ein del spørsmål som eg til no ikkje har fått svar på. Eg vel no å ta desse spørsmåla oppatt.

1. I 2015 var denne saka på sakskartet både i naturutvalet og i formannskapet.

Så; av ukjent grunn, er saka no blitt ei orienteringssak der me som folkevalde blir «parkerte»! Eg opplever at me ikkje får skikkeleg informasjon og adm. i kommunen vert opplevd som «lukka».

Eg vil i den forbindelse minna om at det er kommunestyret som er kommunen sitt øvste organ.

Kortid og kvifor vart ho ei orienteringsak?

2. Denne forvaltningssaka har pågått over urimeleg lang tid. Slik eg ser det, er ikkje dette ei stor, tung, kostbar og vanskeleg sak. Det virkar som om det å kome fram til ei løysing, ikkje finst interessant. Eg oppfatta saka nesten tvinga fram til rettsak.

Kvifor er det slik?

Eit av breva som me har fått tilgang til, er frå Johannes Tysse. Brevet er eigentleg stila til Helge Åsheim og er frå 04.02.2015. Men det er sendt kopi til Samn. Kommune v/ Marit Aase. Eg meiner han i dette brevet er inne på nokre viktige argument m.h.t. vass/veg/murproblemet. Han påpeikar at mange ytre faktorar samanlagt kan ha ført til Samnanger kommune sine problem med å levera vatn til Jan Ove Haga sin bolig. Alt heng saman!

Vassproblema til Jan Ove Haga ligg langt utanfor hans eigedom. Det er me som kommune som leverar vatnet, og tek betalt for det. Det vart forsøkt rydda opp i denne saka i naturutv. (Sak nr. 21/15) og formannskapet (sak nr. 19/15). Mitt forslag er no at Samnanger kommune

sin administrasjon får i oppgåve å løysa denne saka og leggje fram løysinga i neste formannskapsmøte 11./12. april 2018.

Om dette ikkje lukkast, så lagar adm. ei sak på dette til politisk handsaming i formannskapet 31.mai 2018.

Eg vil samtidig oppfordra administrasjonen til å kartleggja om oppsitjarane langs denne vegen er tilkopla offentleg vatn. Hvis ikkje vert adm. bedt om å syta for at så skjer.

Eg ber om at dette vert protokollført.

Mvh. Olaug Karin Øystese.

Sendt fra min iPad